



Sosialantropologisk institutt,
Universitetet i Oslo
Boks 1091, Blindern
0317 Oslo

Dato: 15.1.2012

**Årsrapport frå programsensor for 2011
v/ førsteamanuensis Mary Bente Bringslid
Institutt for Sosialantropologi,
Universitetet i Bergen**

I 2011 har eg hatt to tilsynsbesøk ved Sosialantropologisk Institutt UiO, det første 28.april og det andre 10. og 11.november 2011.

I løpet av desse to besøka har eg hatt møte med instituttleiar Ingjerd Hoem , nestleiar Christian Krohn-Hansen og med programleiarar for Bachelorprogrammet og Masterprogrammet Arve Sørum og Harald Beyer-Broch. Eg har også hatt samtalar med andre medlemmar av staben. Eg har hatt møte med studentrepresentantar frå programutvalget, med seminarleiar Tone Wang, og har følgd utvalde førelesningar og snakka med førelesar, seminarleiar og studentar i etterkant av desse. Eg har lest eit utval masteroppgåver. Studiekonsulent Natalia Zubillaga har organisert tilsynsbesøka og sørga for at eg hatt tilgang til studieplaner, masterskisser, eksamensoppgåver og eksamensresultat pluss, studentar og fagansvarleg sine evalueringar.

Mitt generelle inntrykk er at samanhengen mellom fagplanars tekster og kursinnhald ser ut til å vere tífredsstillande, noko som også blir slått fast i tidlegare tilsynsrapportar. Det er dei seinare år ekstra grunn til å vere merksam på mogelege variasjonar når det gjeld karakterar og karaktersetting sidan ordningar med ekstern sensur er under press. Ut i frå stikkprøvene eg har gjort og den generelle informasjonen eg har skaffa meg, verkar eksamensresultata ved instituttet å halde seg innanfor ei normalfordeling. Unntaket er karakterane på masteroppgåver som eg vil komme tilbake til i neste tilsynsperiode.

I denne rapporten skal eg først ta føre meg BA-programmet, så Masterprogrammet i sosialantropologi. I tillegg til å halde auge med heilskapen i undervisningsorganiseringa, forsøker eg som tilsynssensor å vere spesifikk der eg kan, og å gå særleg inn på dei områda der læringsprogramma har forbettringspotensial. På denne måten håper eg at tilsynsrapporten også kan fungere som eit arbeidsdokument i forhold til konkrete undervisningssaker.

Bachelorprogrammet

Våren 2009 vedtok styret ved SAI ei omorganisering av Bachelor-programmet der ein m.a. auka fordjupningsdelen i sosialantropolog frå 80 til 100 stp. og gjorde Bacheloressayet obligatorisk. Vedtaket ville seie ei omlegging av BA-programmets kursportefølje som mellom anna innebar færre kurs. Dette var meint å skape eit klarare studieløp med tilhøyrande auka kullkjensle, samstundes som ein sikra den faglege kvaliteten til BA-kandidatane ved å sluse dei gjennom basiskurs.

Mitt overordna inntrykk er at instituttet har lagt ned godt arbeid for å oppnå dette og at ein lukkast i stor grad. Samstundes er ikkje tilpassinga av det nye BA-programmet ferdig, men pågår stadig. Den pågåande diskusjonen omkring det faglege opplegget og evnen til å korrigere for nye innsikter ser eg på som svært verdifull for eit fagmiljø. Sjølv om tilsynssensor sitt mandat ikkje først og fremst angår fagleg innhald, ønskjer eg m.a. gjennom denne rapporten å vere ein samtalepartner i prosessen der BA-programmet finn si form.

Det første året som tilsynssensor vil eg konsentrere meg om første del av BA-perioden, medan eg i det andre vil sjå nærare på siste del.

Første semester består av introduksjonskurs (sosant 1000) og regional etnografi-kurs (sosant 1101), andre semester av sosant 1600.

Eg skal i denne rapporten særleg gå inn på dei to nye kursa, sosant 1101 og sosant 1600.

Tradisjonen med *regional etnografi* stiller moderne antropologi overfor nokre dilemma. Det dreier seg om å vidareføre antropologisk basiskunnskap om verdas livsformer og livsvilkår. Samstundes ønskjer ein ikkje å reprodusere rigide forestillingar om at verda utan vidare kan delast inn i kulturelle område som følgjer geografien utan å ta omsyn til globaliseringas utfordringar. Sosant 1101 Regional etnografi: jordens folk og kulturelt mangfold (10stp) er SAI sitt regional etnografi-kurs. Det som før var to sjølvstendige emne er no slått saman til Sosant1101 med ein felles del og ein fordjupningsdel, der studenten vel ein av tre fordjupningsdelar.

Særleg i fordjupningsdelen er utgangspunktet *tilpassingsformer* medan ein i kurset som heile også refererer til *regionar*. Etter litt erfaring med det nye kurset er instituttet sjølv kritisk til dette så vel som andre sider ved kursopplegget. Fagleg ansvarleg for kurset h-2010 (Aud Talle) seier i sin rapport at det sannsynlegvis ville vere ein pedagogisk gevinst i å gå tilbake til det regionale som basis for kurset, og at det i alle fall vil vere ein fordel å ha ein pensumlitteratur som relaterer seg meir eintydig til *regionar*. Ho går inn for å endre pensumlitteraturen i tråd med dette.

Studentevalueringane (h-2011) stadfester forsovidt dette, utan at dei er særleg opptekne av 'tilpassingsformer' eller 'region'. Både i studentevalueringane og i direkte samtale erfarer eg at studentane legg vekt på behovet for eit meir heilskapleg kurs. Nokre nemner pensum som for stort og uoversikteleg, andre etterlyser samanhengen mellom dei to delane. Mange er nøgd med fordjupningsdelen og fekk

mindre utav den generelle delen. Desse oppfattar det som litt uheldig at fordjupningsdelen kjem mot slutten av semesteret slik at dei får brukt mindre tid på det dei finn mest interessant.

Det verkar vere eit gjennomgåande ønske frå studentane på dette kurset at undervisninga skal vere meir effektiv når det gjeld å skilje ut det som er viktigaste og å yte hjelp med å trekkje samanhengar mellom dei ulike delene av pensum.

For den som har undervist ei stund for studentar er dette forsovidt kjende tonar. Likevel verkar det som om sosant 1101 har ein del å hente på å styrke heilskapen til kurset. Forholdet mellom det allmenne og det spesifikt etnografiske/historiske/regionale er kanskje noko av det viktigaste i antropologien, og eit kurs som beint fram har dette innebygd i strukturen burde anstrenge seg for å unngå å etterlate eit inntrykk av at dette forholdet heng litt i lause lufta.

Når det er sagt, er det mitt inntrykk at programleiinga følgjer med på sosant 1101 si utvikling, og er innstilt på å ta dei grep som er naudsynt for å bidra til at kurset fungerer best mogeleg. Eg vil også i denne samanhengem gjerne nemne at ein ved Institutt for sosialantropologi i Bergen sitt kurstilbod i regional etnografi har prøvd å kombinere regionalkunnskap med det allmenne ved å lage eit kurs der ein legg vekt på å problematisere regionale grenser og på komparasjon. To regionale «ekspertar» underviser i to regionar per kurs, og ser regionane i forhold til kvarandre. Ordninga er enno ikkje evaluert som heile, men erfaringa til no er mellom anna at det er relativt krevande å undervise, og at studentane stort sett er nøgde med opplegget.

Mi tilråding når det gjeld sosant 1101 er at ein forsøker å gjere kurset meir heilskapleg og oversikteleg for studentane, utan å redusere magien som studentar gjev uttrykk for oppleve i møte med fagpersonen som får snakke om *sitt område*.

Sentralt ved eit BA-program i sosialantropologi vil vere å sikre at kursporteføljen formidlar viktige deler av faget, slik at ein til dømes kan gå ut i frå at masterstudentar i sosialantropologi har kjennskap til fagets sentrale tekster og modellar. Både faghistorie og etnografisk metode har av og til hatt ein tendens til å falle utanfor når denne denne sikringskosten blir sett saman. I Bergen hadde ein til dømes saman med utforminga av dei grunnleggande kursa på BA ein diskusjon om korleis ein best mogeleg kunne bygge inn faghistorie og metode i desse, utan at ein har funne den ideelle løysinga på dette. Sosant 1600 Faghistorie og etnografisk metode (20stp) er eit friskt forsøk på å kombinere faghistorie og metode, eit forsøk som vil bli følgd med interesse frå dei andre læringsmiljøa i sosialantropologi. Kurset har ein førelesingsdel og ein seminar del, der det blir førelest i faghistorie og der metodeundervisninga går føre seg i seminarform, mellom anna med eit minifeltarbeid.

Sidan Aud Talle var sentral i både planlegging og gjennomføringa av dette kurset, og sidan ho dessverre gjekk bort, har SAI på kort tid måtte finne nye løysingar i forhold til den undervisningskabal som opprinneleg vart lagt på dette kurset.

Ei utfordring med eit så omfattande kurs med mange førelesarar, er å ta vare på dei lange linjene og dei overordna perspektiva. Faghistorie handlar jo ikkje minst om å vise fram slike samanhengar. Mitt inntrykk er at enkeltforelesningar gav slike perspektiv, men at koordineringa mellom dei ulike førelesingsbolkane kunne vore betre. Det siste har sannsynlegvis å gjere med dei ekstraordinær omstenda i kurset sin oppstartfase.

Langt viktigare er etter mi meining problemet dette kurset ser ut til å ha med å få dei to delane til å fungere saman. Metodedelen, inkludert eit minifeltarbeid, blir gjennomført på seminaret. Seminarleiar blir såleis endå viktigare enn elles for at dette kurset skal fungere. Denne delen av kurset ser ut til å fungere godt for seg. Seminarleiar verkar å ha godt grep på metodeundervisninga, og studentane er

nøgde. Det som er utfordringa er truleg å hindre kurset i å falle i to delar, det vil seie å gjere metode relevant for faghistorie og omvendt. Studentar etterlyste til dømes at ein kunne dra idèretningar frå førelesningane tydelegare inn i metodedelene og på ein meir eksplisitt måte prøve ut ulike historisk forankra modellar i minifeltarbeidet.

Mitt inntrykk er at mangelen på samanheng mellom dei to kursdelane ikkje skuldast manglande kontakt mellom førelesarar og seminarleiing, men at ein snarare har behov for å vidareutvikle ein fagleg plan for korleis dei to sentrale aspekta ved faget kan undervisast saman (sjå studieplanen), der det bør arbeidast vidare med det konkrete fagleg-pedagogiske innhaldet.

Er det til dømes slik at ulike deler av faghistoria har gitt ulike metodiske bidrag til faget, så kunne dette kanskje synleggjerast i planen for kurset og vere med på å styrke samanhengen mellom dei to delane.

Når det gjeld eit så omfattande og samansett kurs vil det vere særleg viktig å spør kor vidt måten studentane blir prøvd på (eksamen etc) står i forhold til innhaldet i kurset. Kurset har 5 timars skoleeksamen, der oppgåvene er prega av at ein ønskjer å prøve fleire deler av pensum, noko som er godt avstemt til eit omfattande faghistoriepensum. Når det gjeld «kjennskap til etnografisk metode gjennom praktiske øvelser» som er del av studieplanens mål for kurset, lar dette seg dårleg teste i ein ordinær skoleeksamen av denne typen. Dette er tatt omsyn til ved at ein har krav om minst 80 % frammøte på seminaret, og obligatorisk innlevering av to såkalte diskusjonsoppgåver som må godkjennast for å få gå opp til eksamen.

Alt i alt synest sosantr 1600 å vere ei frisk satsing som fortener å bli utvikla vidare. Dersom ein greier å få ein praktisk og teoretisk metodedel til å kommunisere tilstrekkeleg med framstilling av faghistoria innanfor eit kurs, trur eg det vil det vere ein svært verdifull del av den innleiande undervisninga på bachelornivå.

Når det gjeld BA-programmet generelt vil eg gjerne understreke følgjande omstende: Det første er noko som har vore eit tema i tilsynsrapportane heilt frå Olaf Smedals rapport i 2006: BA-studentanes behov for skrivetrening. Også i møte med tilsynssensor for 2011 vart dette tatt opp. Eit av dei nye kursa, sosant 1600, bidrar til auka skrivetrening ved å kreve at studentane skriv minst to såkalte diskusjonsoppgåver og Essayseminaret har no blitt obligatorisk. Likevel er det opplagt grunn til å arbeide vidare med å legge inn skriftleg trening.

Eg vil også gjerne nemne SAI si prioritering av seminarleiarrollen, som på ingen måte er sjølvsgt. Eg trur det er eit lurt trekk av instituttet å ta denne rollen på alvor og investere i å sette inn fagleg godt kvalifiserte personar som seminarleiarar. Dette styrker læringsmiljøet og gjev signal til studentane om at denne verksemda er viktig.

Eg har i denne rapporten først og fremst sett på dei første semestera i programmet. Første semester på BA-studiet er kanskje eit litt «ømt punkt» for heile faget, der vi får tematisert både faget si sjølvoppfatting og korleis det blir oppfatta av omverda. Mine samtalar med studentar på ulike nivå ved SAI, så vel som mi generelle erfaring med studentar, understrekar at det (kanskje meir enn nokon gong) er viktig å arbeide med å få fram fagets samfunnsmessige og politiske relevans, både i forhold til einskilde kurs og til generell informasjon. Studentar gjev uttrykk for ønske om å bli presentert

for meir av mangfaldet i moderne antropologi, og då tenkte dei ikkje minst på dei ulike delane av vårt samfunn som har vore gjenstand for sosialantropologisk analyse. Eg merkar meg at instituttet alt er godt i gang med eit slikt arbeid, t. d. på nettsidene. Det verkar likevel å vere ein del å hente på å *konkretisere* for potensielle studentar kva antropologi kan vere. I Bergen har vi i den samanheng hatt gode erfaringar med noko så enkelt som å presentere eit utval masteravhandlingar for elevar på vidaregåande.

Tematikken omkring BA-graden si sjølvstendige rolle, det vil seie som avsluttande grad, vil eg komme tilbake til i min neste periode.

Masterprogrammet

Masterprogrammet i sosialantropologi ved SAI verkar generelt sett veldrive og å vere av god kvalitet. Programmet har likevel sider som med fordel kan arbeidast vidare med. Som når det gjaldt BA-programmet skal eg i min første rapport vere mest oppteken av første del av programmet, det vil seie opptak og tida før feltarbeidet. I andre perioden skal eg sjå spesielt på feltarbeid og skrivefase.

For å komme inn på masterprogrammet ved SAI må studenten minst ha C som snitt frå bachelor og levere ei skisse på ei side som inneheld tema, problemstilling og stad. Skissene skal ikkje vere utslagsgivande for om studenten kjem inn, men blir etter at studenten har komme inn vurdert av ein komitee (leiar for programstyret + to frå fagleg stab). Eg har lese eit utval av skisser som vart godkjende og nokre som ikkje vart godkjende, og har ingen problem med å vere samd i komiteens vurdering. Komiteen ser etter fagleg forståing, presisjon og kor vidt det er gjennomførbart, alle gode og relevante kriterier for avgrensing av eit masterprosjekt.

Men sidan skissa ikkje har noko å seie for opptak, kan ein kanskje likevel spørje seg om dette er «effektiv sakshandsaming». Dersom studenten er tatt inn på programmet og uansett skal planlegge og skrive ei masteroppgåve, er det kanskje meir effektivt å snarast mogeleg kople student og vegleiar, slik at prosessen med å identifisere og avgrense masterprosjektet kan gå føre seg i ein student-vegleiarrelasjon? Då vil ein kunne starte arbeidet med å presisere eller å omdefinere masterprosjektet med ein gong, utan å vente på at komiteen skal vende tommelen opp eller ned.

Det mest logiske hadde kanskje vore å gjere vurderinga av skissene til ein del av opptaket av studentar. Dette veit vi vanskeleg lar seg gjennomføre. Komiteen er nok eit resultat av dette. Men kanskje er det studentane treng mest når dei kjem med skissa si ein fagleg *samtalepartner* som kan hjelpe dei å tilpasse eigne idear til masterformatet.

Det er på sett og vis meir logisk med ein kvalifiseringssinstans seinare i løpet. Tidlegare tilsynsrapportar (Hviding 2009) har tilrådd Institutt for sosialantropologi (UiB) sitt opplegg, med muntleg høyring som del av kvalitetssikringa av prosjektframstillingsrapporten. Til dette har SAI kommentert at det dessverre blir for dyrt sidan ein har eit langt høgare studenttal enn i Bergen. Men kanskje kunne den noverande godkjenningsskomiteen for skisser nyttast seinare i løpet, og bidra til ei kvalitetssikring av masterprosjekta som involverer fleire enn fagleg ansvarleg for sosant 4120, utan at ein legg seg på Bergen si løysing med individuell muntleg ?

Det første semesteret i programmet har ein tendens til å bli travelt for studentane. På desse få månadane skal dei både følgje eit 20stp. kurs i teori og metode (sosant

4110), og førebu seg meir spesifikt på sitt prosjekt, ikkje minst lage og få godkjend si eiga prosjektskildding, innanfor rammene av eit prosjektutviklingskurs (sosant.4120,10 stp.).

Noko av det viktigaste i dette undervisningsopplegget er å få studentane snarast mogeleg i gang med individuell prosjektutvikling. Krumtappen her er god og tidleg tildeling av vegleiar. Tildeling av vegleiar er samstundes ofte litt av ein kabal, der det ideelle er at vegleiar har ein viss portefølje av masterprosjekt som ligg tett opp til den vitenskapleg tilsettes eige spesialfelt. Samstundes er det ein stor ressurs for faget at nye masterstudentar kjem med sine eigne idear til tema for oppgåve; ofte tema meir etablerte antropologar ikkje hadde komme på. Antropologar er heldigvis generalistar og kan i prinsippet vegleie ut frå alle antropologiske vinklingar. Ein føresetnad for at vegleiingsinstitusjonen skal fungere, er etter mi erfaring ein forholdsvis låg terskel for å bytte vegleiar. Det hindrar at vegleiingsprosessar stoppar opp, og kan også vere med på å gjere det lettare å få tildelt vegleiarar tidleg nok, sidan begge partar då veit at det er mogeleg å finne ei anna løysing dersom relasjonen ikkje verkar som den skal.

I eit vegleiingsforhold er det viktig med god kommunikasjon mellom partane, at ein kanskje saman legg ein plan for vegleiinga, og at ein i alle fall sikrar at studenten får vegleiing i dei periodane han eller ho treng det mest. Vegleiingsinstitusjonen vil også bli følgd opp i min neste tilsynsperiode.

Til slutt har eg lyst til å nemne noko som ikkje berre gjeld for SAI sine masterstudentar, men for alle master- og phd-studentar i sosialantropologi: problema med eit NSD-skjema som nokså dårleg tilpassa antropologisk metode. Problemet er at deltakande observasjon er bortimot usynleg i meldeskjemaet som våre studentar må fylle ut, og at dersom våre masterstudentar fyller ut skjemaet etter beste skjønn, blir ofte ikkje prosjektet godkjend. Dette er nok meir eit tema for nasjonal fagpolitikk enn for det einskilde instituttets undervisningsplanlegging, men eg nemner det likevel her fordi det er viktig at både studentar og vegleiarar er medvitne om problemstillinga.

Heilt til slutt bringer eg gjerne vidare noko ein av studentane sa til meg, at ho var stolt av å studere på det største instituttet for sosialantropologi i Norge, og med så mange flinke og interessante folk!

Bergen 28.1.2012

Mary Bente Bringslid
(sign.)